



Lokal forskrift for reguleringsplan, bygge- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering

Heimel: *Plan- og bygningslova* § 33-1, jf. også *byggesaksforskrifta*, *matrikkellova* § 32, jf. også *matrikkelforskrifta*, *eigarseksjoneringslova* § 7 og *forurensingsloven* §§ 34 og 52a.

Forskrifta er vedteke i Øygarden kommunestyre 14.12.16, sak 101/16.

Kapittel 1 - Allmenne føresegner

Regulativet speglar det faktiske sakshandsamingsarbeidet dei ulike sakstypane medfører. Totalt gebyr omfattar sakshandsaming, administrasjonskostnader, tilsyn med vidare.

§ 1-1. Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr.

Kommunen krev i tillegg inn tinglysingsgebyr og eventuelt dokumentavgift i saker der kommunen må forskottere dette.

§ 1-2. Tidspunkt for gebyrfastsetjing og tid for fakturering

Gebyret vert berekna etter dei satsane som gjeld på det tidspunktet gebyret vert fakturert, med mindre det går fram noko anna av regulativet.

Gebyret fakturerast når vedtak vert fatta eller når kommunen har behandla ferdig eller avslutta saka.

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling tilkjem purregebyr etter *inkassoforskriften*.

Gebyret må betalast og forfell uansett om vedtaket er påklaga eller det er søkt om reduksjon av gebyr.

§ 1-3. Prisar i regulativet

Alle prisar i regulativet er innretta for å reflektere kommunen sitt arbeid med dei ulike sakstypane etter sjølvkostprinsippet. Endringar av gebyrregulativet vert årleg vedteke av kommunestyret, og kommunestyret har høve til å prise gebyra under sjølvkost.

§ 1-4. Urimeleg gebyr

Dersom kommunen etter eiga vurdering, eller etter skriftleg søknad vurderer gebyret som klart urimeleg, kan gebyret setjast ned.

Søknad om redusert gebyr utsett ikkje betalingsfristen.

§ 1-5. Endring eller fornya søknad

Ved mindre endringar av godkjent søknad, som krev nytt vedtak, betalast gebyret som er angjeve i dette regulativet. Kommunen avgjer i kvart tilfelle om det er ei mindre eller større endring, og dessutan om endringa er så vesentleg at den krev ny søknad. Er endringane så betydelege at søknaden vert å betrakte som ny sak, vert det betalt fullt gebyr.

§ 1-6. Klage tilgjenge

Når gebyret er heimla i plan- og bygningsloven § 33-1 er det ikkje klage tilgjenge på gebyret i den einskilde sak, med unntak av dei tilfella der kommunen har teke i bruk § 1-4 om reduksjon av gebyr. Gebyret kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland etter reglane i forvaltningsloven.

§ 1-7. Avslag

Saka vert sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt endring eller klage innan klagefristens utlauf. For å etterleve sjølvkostreglane skal det ved avslag på søknadspåklagte tiltak betalast 100 % av ordinært gebyr for den aktuelle saka. Beløpet vert ikkje godskrive ved ny eller endra søknad.

§ 1-8. Trekk av søknad

Ein avpassa del av gebyret skal betalast etter kor langt kommunen si handsaming er komen ved trekk av søknad. Det går fram av regulativet kor mykje som skal betalast.

§ 1-9. Definisjonar

I denne forskrifta meinast med:

- a. Pbl: *Plan- og bygningsloven*
- b. Sak 10: *Byggesaksforskriften*
- c. Søknadspliktige tiltak: Tiltak definert i *plan- og bygningsloven* §§ 20-1, 20-2, 20-3, 20-4.
- d. Einingspris: gebyr som skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av tiltaket sin kompleksitet og storleik. Einingsprisen skal også dekkje tilsynsverksemd og ulovleg oppfølging.
- e. Sakshandsamingsgebyr: gebyr som skal dekkje oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er avhengig av tiltaket sin kompleksitet og storleik.
- f. Registreringsgebyr: gebyr som skal dekkje arbeidet med oppgåvene knytt til registrering i matrikkelen. Gebyret vert betalt per brukseining for byggjesak og per eigedom for oppmålingsforretning som må registrerast i matrikkelen.
- g. Tiltaksklasse: inndeling av oppgåver i tiltaket basert på vanskegrad, kompleksitet og konsekvensar av manglar og feil. Jfr. SAK § 9-4.
- h. Eigedom: Fast eigedom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i høve til lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- i. Brukseining: bygning eller del av bygning (lokale), til dømes bustad, kontoreining, verkstad og lager.
- j. Bueining: har alle hovudfunksjonar for bustad, slik som stove, kjøkken, soveplass, bad og toalett, har eigen inngang og er fysisk skilt frå øvrige einingar, jf. SAK § 2-2.
- k. Brukseining som er definert som bustad eller buening i matrikkelen. Som buening reknast ei kvar brukseining som har minst eitt rom og egen inngang, og der ein har tilgjenge til vatn og toalett utan å måtte gå gjennom anna brukseining.
- l. Bustad/bustadeigedom: Eigedom med bygg som vert brukt til bustadføremål, herunder fritidsbustad. Bygningstype 111 – 163 etter NS-3457.
- m. Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedom som er registrert i matrikkelen og berekna med utgangspunkt i NS-3940.

Kapittel 2 – Regulering

§ 2-1. Gebyrplikt og unntaksføresegner

Det skal betalast gebyr for alle private planforslag for arbeid fram til fyrste gongs handsaming.

Det vert ikkje berekna gebyr når hovudføremålet med reguleringsplanen er å avsetje areal som i hovudsak er utan busetnad, til offentleg samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

Det vert ikkje berekna gebyr når hovudføremålet med reguleringsplanen er å avsetje areal til bygging eller anlegg regulert til grav- og urnelund, offentleg grønstruktur, vern av kulturmiljø eller kulturminne, særlege landskapsomsyn, naturvern eller friluftsområde.

§ 2-2. Timepris

For dei tenester som ikkje er omfatta av dei spesifikke regulativføresegnene gjeld eit gebyr berekna etter medgått tid. Satsen skal dekkje støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

Timepris	Betalast etter	Gebyr
For dei tenester som ikkje fell inn under regulativføresegnene	Per time	kr 150,-

§ 2-3. Sakkunnig bistand

Der kommunen leiger inn sakkunnig bistand for kontroll, utsegn, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, blir gebyr sett lik kostnadar for slik bistand. I tillegg vert det fakturert for medgått tid for kommunens arbeid med å hente inn denne bistanden.

§ 2-4. Tilleggsgebyr

Det skal betales tilleggsgebyr dersom planen ikkje leverast i fullverdig digital form (SOSI-plan og etter Nasjonal produktspesifikasjon). Tilleggsgebyret skal svare til kommunen sine utgifter til digitalisering eller oppretting av allereie digitalisert plan. Gebyret inkluderer levering av digitalt kartverk frå kommunen.

§ 2-5. Trekk av søknad

Trekk av søknad	Betalast etter	Sakshandsamingsgebyr	Einingsgebyr
For søknadar som vert trekt før på begynt sakshandsaming	Per søknad	0 %	50 %
For sak som avsluttast etter på begynt sakshandsaming, men før fyrste gongs vedtak	Per søknad	30 %	100 %
For sak som avsluttast etter på begynt sakshandsaming, og etter fyrste gongs vedtak	Per søknad	100 %	100 %

§ 2-6. Oppstartsmøte

Både kommunen og tiltakshavar kan krevje oppstartsmøte. Det skal betalast gebyr for oppstartsmøte og underveismøte.

Oppstartsmøte, jf. pbl. § 12-8	Betalast etter	Gebyr
Oppstartsmøte	Per møte	kr 1.000,-
Underveismøte	Per møte	kr 700,-

§ 2-7. Private planforslag

Reguleringsplan	Betalast etter	Einingspris	Tillegg for areal utover 5 dekar
Reguleringsplan i tråd med overordna plan	Per søknad		
Reguleringsplan i strid med overordna plan	Per søknad		

§ 2-8. Planprogram og konsekvensutgreiing

For planar som krev planprogram og konsekvensutgreiing skal det betalast eit tilleggsgebyr per søknad. Gebyret gjeld ikkje for statlege reguleringsmyndigheiter som Statens vegvesen, Jernbaneverket ol.

Planprogram og konsekvensutgreiing, jf. pbl. § 4-1, § 4-2 andre ledd og kapittel 14	Betalast etter	Gebyr
For planar som krev planprogram og konsekvensutgreiing	Per søknad	kr 5.000,-

§ 2-9. Endring av plan

Ved endring av plan skal det betalast følgjande gebyr. Kommunen avgjer i kvart tilfelle om det er ei mindre eller større endring, og dessutan om endringa er så vesentleg at den krev ny søknad. Er endringane så betydelege at søknaden vert å betrakte som ny sak, vert det betalt fullt gebyr.

Endring av plan	Betalast etter	Gebyr
Endringar som behandlast som ny plan i samsvar med § 12-14 første ledd	Per søknad	Fullt gebyr
Mindre endringar i reguleringsplan eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl. § 12-14, andre ledd	Per søknad	kr 3.000,-

Kapittel 3 – Byggjesak

§ 3-1. Generelt

Alle søknadspåkravende tiltak etter pbl. skal betale einingsgebyr, sakshandsamingsgebyr og registreringsgebyr for alle saker, ved mindre det går fram noko anna av regulativet.

§ 3-2. Einingsgebyr

Gebyret skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av tiltaket sin kompleksitet og storleik. Einingsprisen skal også dekkje tilsynsverksemd, ulovlegheitsoppfølging og ferdigattest.

Einingsgebyr	Betalast etter	Gebyr
Alle søknadspåkravende tiltak	Per søknad	kr 2.800,-

§ 3-3. Registreringsgebyr

For søknadspåkravende tiltak skal det betalast eit registreringsgebyr som skal dekkje kostnadane knytt til arbeid som må gjerast i matrikkelen. Arbeid i matrikkelen aukar proporsjonalt med talet brukseiningar, og det skal betalast registreringsgebyr per brukseining.

Registreringsgebyr	Betalast etter	Gebyr
Alle søknadspåkravende tiltak	Per brukseining	kr 300,-

§ 3-4. Tilsyn

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollere at tiltak vert gjennomført i samsvar med føresegnar gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekkje ulovlegheiter og verke førebyggjande. Tilsyn skal dekkjast av einingsgebyret, og kommunestyret har vedteke at 10 % av einingsgebyret skal dekkje kommunen si tilsynsverksemd.

§ 3-5. Timepris

For dei tenester som ikkje er omfatta av dei spesifikke regulativføresegnene gjeld eit gebyr berekna etter medgått tid. Satsen dekkjer blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar, administrasjon, tilsyn og ulovleg oppfølging. Følgjande timesats gjeld for byggesak. Satsen gjeld også for søknadar etter kapittel 18 i pbl.

Timepris	Betalast etter	Gebyr
For dei tenester som ikkje fell inn under regulativføresegnene	Per time	kr 550,-

§ 3-6. Sakkunnig bistand

Der kommunen leiger inn sakkunnig bistand for kontroll, utsegn, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, blir gebyr sett lik kostnader for slik bistand. I tillegg vert det fakturert for medgått tid for kommunen sitt arbeid med å hente inn denne bistanden.

§ 3-7. Trekk av søknad

Ein avpassa del av gebyret skal betalast etter kor langt kommunen si handsaming er komen ved trekk av søknad. Det skal betalast etter følgjande matrise:

Trekk av søknad	Betalast etter	Sakshandsamings-gebyr	Einingsgebyr
For søknadar som vert trekt før på begynt sakshandsaming	Per søknad	0 %	50 %
For sak som vert avslutta etter på begynt sakshandsaming, men før fyrste gongs vedtak	Per søknad	30 %	100 %
For sak som vert avslutta etter på begynt sakshandsaming, og etter fyrste gongs vedtak	Per søknad	100 %	100 %

§ 3-8. Retur og avvising av søknad

Ved retur eller avvising vert det belasta eit gebyr. Dersom søkjar ikkje har komplettert søknad etter fyrste brev frå bygningsmyndigheita med angjevne manglar, tilkjem det eit tilleggsgebyr på kr. X,- for kvart påfølgjande mangelbrev som må skrivast. Gebyret vert fakturert til søkjar.

Retur og avvising	Betalast etter	Gebyr
Retur av søknad	Per søknad	Kr 1.100,-
Ved gjentekne manglar	Per mangelbrev	Kr 1.100,-
Avvising av søknad	Per søknad	Einingsgebyr

Søknaden vert returnert ved følgjande forhold og manglar.

Retur
Utan nabovarsel
Søknad sendt inn før nabovarselsfrist er gått ut
Manglande teikningsgrunnlag (plan, snitt, fasadar, situasjonskart)
Manglande dispensasjonssøknad
Manglande gjennomføringsplan (for tiltak som krev ansvarleg føretak)

§ 3-9. Ulovleg byggjearbeid

For uaktsame eller forsettlege brot av *plan- og bygningsloven* som omfattast av pbl. § 32-8 kan kommunen ileggje overtredingsgebyr etter dei til ei kvar tid gjeldande satsar i byggesaksforskrifta § 16-1. Det visast til *plan- og bygningslovens* § 32-8 og til kapittel 16 i *forskrift om byggesak m/retteiing*, om utmåling av lovbrotsgebyr.

Det vert vist til *plan- og bygningslovens* § 32-5 om tvangsmulkt ved ulovlegheiter.

§ 3-10. Førehandskonferanse

Førehandskonferanse utløyser ikkje einingsgebyr.

Førehandskonferanse	Betalast etter	Gebyr
Førehandskonferanse	Per møte	kr 1.100,-

§ 3-11. Sakshandsamingsgebyr for tiltak med krav til ansvarleg føretak

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl. § 20-3	Betalast etter	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Bustader:				
Bolig og fritidsbolig med inntil 2 bueingar	Per søknad	kr 6.600,-	kr 8.200,-	
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	Per bueing, oppad til 10 bueingar	kr 2.200,-	kr 2.800,-	kr 3.800,-
Store bustadbygg	Per bueing, oppad til 20 bueingar	kr 1.700,-	kr 2.200,-	kr 3.300,-
Tilbygg, påbygg, garasje mv. til bustad	Per søknad	kr 1.700,-		
Anna enn bustad:				
Industri- og næringsbygg	Per søknad	kr 8.200,-	kr 11.000,-	kr 14.000,-
Fiskeri- og landbruksbygg	Per søknad	kr 5.500,-	kr 8.200,-	
Kontor- og forretningsbygg	Per søknad	kr 8.200,-	kr 11.000,-	kr 14.000,-
Samferdsels- og kommunikasjonsbygg	Per søknad	kr 8.200,-	kr 11.000,-	kr 14.000,-
Hotell- og restaurantbygg	Per søknad	kr 11.000,-	kr 14.000,-	kr 17.000,-
Kultur- og forskningsbygg	Per søknad	kr 8.200,-	kr 11.000,-	kr 14.000,-
Helsebygg	Per søknad	kr 11.000,-	kr 17.000,-	kr 17.000,-
Fengsels-, beredskapsbygg mv.	Per søknad	kr 8.200,-	kr 11.000,-	kr 14.000,-
Tilbygg, påbygg, garasje mv.	Per søknad	kr 1.700,-	kr 2.800,-	kr 3.800,-

Skilt	Betalast etter	Gebyr
Enkelt skilt eller reklame	Per stykk	kr 1.700,-
Skiltplan med fleire enn to skilt	Per søknad	kr 6.600,-

Andre tiltak etter pbl. 20-1	Betalast etter	Gebyr	Gebyr under 5000 m2	Gebyr over 5000 m2
Utomhusplanar/planar for opparbeiding	Per søknad		kr 11.000,-	kr 17.000,-
Utandørs anlegg, lekeplasser, idrettsanlegg	Per søknad		kr 2.200,-	kr 3.300,-
Gate, veg, tunnelar, bruer, parkeringsplassar og liknande	Per søknad		kr 2.200,-	kr 3.300,-
Anlegg for røyrsystem, olje og gass	Per søknad	kr 17.000,-		
Fasadeendring, støttemur, gjerde, le-vegg, støyskjerm, symjebasseng, brønn, dam, o.l.	Per tiltak	kr 1.700,-		
Terrenginngrep, bryggjer, kai, flytebryggjer inntil 12 m lengde, moloar, o.l..	Per tiltak	kr 3.300,-		
Massedeponi inntil 10 000 m3	Per søknad	kr 11.000,-		
Massedeponi utover 10.000 m3	Per 1000 m3	kr 550,-		

§ 3-12. Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak

For søknadspliktige tiltak som vert behandla etter pbl. § 20-1, jf. § 20-4 og tiltak som kan forståast av tiltakshavar jf. SAK §§ 3-1, 3-2 skal det betalast følgjande gebyr.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl. 20-4	Betalast etter	Gebyr
Mindre tiltak på bygd eigedom som garasjar, uthus og tilbygg, jf. SAK § 3-1 a, b og c	Per tiltak	kr 3.300,-
Skilt- og reklameinnrettingar etter SAK § 3-1 d	Per tiltak	kr 1.700,-
Alminnelige driftsbygningar i landbruket, jf. SAK § 3-2	Per tiltak	kr 5.500,-

§ 3-13. Riving

Riving	Betalast etter	Utan ansvarsrett	Med ansvarsrett
For riving av bygg, konstruksjonar og anlegg med kulturminneinteresse.	Per tiltak	kr 5.500,-	kr 7.100,-
For riving av andre bygg, konstruksjonar og anlegg	Per tiltak	kr 1.700,-	Kr 2.500,-
Når riving vert søkt og gjennomført samtidig med oppføring av nytt bygg på same eigedom, betalast halvt gebyr for riving.	Per tiltak	50 % * X Kr	50 % * X Kr

§ 3-14. Endring

For endring av eksisterende byggesøknad vert det belasta følgjande gebyr. Fornyng av tidlegare godkjent byggesøknad er å betrakte som ny søknad.

Endring	Betalast etter	Gebyr
Mindre endringar, til dømes økt areal, fasadeendring	Per søknad	kr 2.200,-
Større endringar, til dømes endra plassering, høgd	Per søknad	kr 3.800,-

Kommunen avgjer i kvart tilfelle om det er ei mindre eller større endring, og dessutan om endringa er så vesentleg at den krev ny søknad. Dersom endringane er så betydelege at søknaden blir å betrakte som ny sak, vert det betalt fullt gebyr.

§ 3-15. Bruksendring

Bruksendringar etter pbl. § 20-1 d	Betalast etter	Gebyr
Bruksendring utan bygningsmessige tiltak	Per søknad	kr 2.800,-
Bruksendring med bygningsmessige tiltak	Per søknad	kr 4.900,-

§ 3-16. Andre vurderingar

Andre vurderingar utløyser ikkje einingsgebyr.

Andre vurderingar	Betalast etter	Gebyr
Plan- og bygningslova § 29-4 samtykkje til plassering av mindre tiltak som elles er unntatt søknad, jf. SAK 10 § 4-1 c.	Per tiltak	kr 2.800,-
Plan- og bygningslova § 31-2, 4. ledd, fråvik frå TEK10 for eksisterande byggverk	Per tiltak	kr 3.300,-

§ 3-17. Mellombels bruksløyve og ferdigattest

Mellombels bruksløyve og søknad om ferdigattest utløyser ikkje einingsgebyr.

Mellombels bruksløyve og ferdigattest	Betalast etter	Gebyr
Mellombels bruksløyve	Per søknad	kr 1.100,-
For søknad om ferdigattest for saker med opphavleg søknadsdato i perioden mellom 1998 til 2010	Per søknad	kr 1.700,-
Ferdigattest er inkludert i einingsgebyret for søknadspliktige tiltak	Per søknad	Inkludert i einingsgebyr

§ 3-18. Dispensasjonssøknad

For søknad om dispensasjon i høve til *plan- og bygningslovens* § 19-1. Det vert ikkje belasta einingsgebyr for dispensasjonssøknader. Det punktet gjeld alle søknadar om dispensasjon frå kommuneplan og andre planer.

Dispensasjonar	Betalast etter	Gebyr
Planar (kommuneplan, reguleringsplan, bustadplan)	Per forhold	kr 8.200,-
Plan- og bygningslova § 1-8 (forbod mot tiltak m. v. langs sjø og vassdrag)	Per forhold	kr 8.200,-
Plan- og bygningslova § 29-4 (plassering av bygg, høgd og avstand frå nabogrense)	Per forhold	kr 3.300,-
Andre	Per forhold	kr 3.300,-

§ 3-19. Delingssaker etter pbl 20-1

Deling etter plan- og bygningslovens § 20-1, bokstav m	Betalast etter	Gebyr
For handsaming av delingssaker etter plan- og bygningslova som er i samsvar med plan	Per søknad	kr 4.400,-
For handsaming av delingssaker etter plan- og bygningslova som ikkje er i samsvar med plan (inkludert dispensasjonsgebyr)	Per søknad	kr 11.000,-
For handsaming av delingssaker etter plan- og bygningslova i samband med deling av eksisterande festetomt utan endring i målebrev.	Per søknad	kr 4.400,-

Kapittel 4 - Oppmåling

§ 4-1. Generelt

Alle oppmålingsforretningar etter matrikkellova skal betale einingsgebyr, sakshandsamingsgebyr og registreringsgebyr ved mindre det går fram noko anna i regulativet.

§ 4-2. Einingspris

Gebyret skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av tiltaket sin kompleksitet og storleik.

Einingsgebyr	Betalast etter	Gebyr
Tiltak etter matrikkellova	Per søknad	kr 8.800,-

§ 4-3. Registreringsgebyr

For oppmålingsforretningar skal det betalast eit registreringsgebyr som skal dekkje kostnadane knytt til arbeid som må gjerast i matrikkelen.

Registreringsgebyr	Betalast etter	Gebyr
Alle søknadspliktige tiltak	Per eigedom/gards/bruks- eller seksjonsnummer	kr 400,-

§ 4-4. Timepris

For dei tenester som ikkje er omfatta av de spesifikke regulativføresegner gjeld eit gebyr berekna etter medgått tid. Satsen dekkjer blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon. Følgjande timesats gjeld for oppmåling:

Timepris	Betalast etter	Gebyr
For dei tenester som ikkje fell inn under regulativføresegnene	Per time	kr 750,-

§ 4-5. Sakshandsamingsgebyr for oppmålingsforretningar

Oppmålingsforretning skal betalast etter følgjande matrise. Samla areal avgjer arealintervallet.

Oppmålingsforretning	Per grensepunkt uavhengig av areal	Under 5 dekar	Mellom 5 og 10 dekar	Over 10 dekar
Koordinatfesta og detaljregulert eigedom, kontorforretning	kr 750,- per grensepunkt			
Etterfølgjande fastsetting av grensepunkt, kontorforretning		kr 400,- * grensepunkt	kr 750,- * grensepunkt	kr 1.500,- * grensepunkt
Eigedom som ikkje er koordinatfesta og detaljregulert		kr 1.900,- * grensepunkt	kr 2.200,- * grensepunkt	kr 3.000,- * grensepunkt
Grensearronding og tilleggsareal		kr 1.900,- * grensepunkt	kr 2.200,- * grensepunkt	kr 3.000,- * grensepunkt
Punktbeste	11.000,-			

§ 4-6. Andre gebyr

Utløysar ikkje einingsgebyr.

Andre gebyr utan einingsgebyr	Betalast etter	Gebyr
Oppmåling av anleggseigendom	Per søknad	kr 11.000,-
Arealoverføring	Per søknad	kr 19.000,-
Utarbeiding av matrikkelbrev (utan einingsgebyr)	Per søknad	Etter Statens Kartverk sine prisar

Kapittel 5 - Eigarseksjonering

Eigarseksjonering	Betalast etter	Pris
Seksjoneringssaker utan synfaring	3 gonger statens rettsgebyr	kr X
Seksjoneringssaker med synfaring	5 gonger statens rettsgebyr	kr X